



VERDEN  
DU ER  
ELSK DEN  
DU  
VIL



# Ver den du er. Elsk den du vil.

Rettane til skeive er under press både i Noreg og resten av verda. Motstandarane våre er meir aggressive, og hatkriminaliteten aukar. I Noreg ser vi forslag om å forby Rosa Kompetanse og forbod mot regnbogeflagg på skular. Globalt ser vi at skeive generelt, og transpersonar spesielt, blir hardt ramma når autoritære leiarar får makt.

Sjølv om mange i det skeive miljøet dessverre har opplevd, og lenge prøvd å rette fokus mot hatkriminalitet, så rokka skytinga ved London pub 25. juni 2022 ved tryggleiken dei fleste skeive i Noreg har hatt.

SV har alltid vore ein pådrivar for skeiv politikk og har stått saman med den skeive rørsla for å kjempe fram politiske gjennomslag for rettar og likeverd. Vi vil aldri godta at rettane til skeive blir forhandla bort. Ingen skal kjenne seg trua eller utsette på grunn av legninga eller kjønnsidentiteten sin. Vi vil halde fram kampen for eit trygt samfunn der alle har fridom til å vere den dei er og elske den dei vil!

## SV vil:

- nedkjempe diskriminering, vald og trakassering på grunnlag av seksuell orientering og kjønnsuttrykk.
- auke støtta til organisasjonar som jobbar med å styrkje skeive minoritetar sine rettar og livssituasjon.
- innføre ein tredje juridisk kjønnskategori.
- gi transpersonar eit verdig helsetilbod og sørgje for at den nasjonale faglege retningslinja for kjønnsinkongruens blir følgd.
- styrkje innsatsen frå politiet mot hatkriminalitet og mot diskriminering av skeive.

### Sosialistisk Venstreparti

Møllergata 4, 0179 Oslo  
21 93 33 00  
post@sv.no  
sv.no

Meld deg inn her

